Vedr. planskildring for reguleringsplan for Julsundet Sentrum.

Viser til avtale vi har med Aukra Kommune v/ordfører Bernard Riksfjord og Kommunalsjef Geir Gøncz, hvor vi hadde en avtale at skolen skulle få disponere en del av arealet mellom skolen og bolighuset på gardsnr. 16/3 (U2).

I den forbindelse så vil vi komme med noen innvendinger vedr. dette:

1. Som det står i planskildringen så skal kommunen kjøpe dette av grunneier, men som vi har orientert om tidligere, så er ikke det nevnte området til salgs.

2. Når det gjelder U2 så har vi ikke gitt noen godkjenning til at området kan ordnes for lekeapparat og etc., men det vi presiserte var at området kunne brukes slik det er i dag.

Vi ønsker en redegjørelse fra Kommunen vedr. dette.

Mvh
Terje Gjendem
Tlf. +4771266160
Dir. +4771266161
Mob. +4790766161

**Aukra kommune**
**Serviceavdelinga**

# Notat

| Vår ref: | Dykkar ref: | Saksbehandler | Dato |
|---|---|---|---|
| 2012/381-70/033 | | Siv Kristine Pedersen<br>71171516 | 08.08.2014 |

Til:
Bjørge Stavik

## Uttale frå eldrerådet:

| | |
|---|---|
| 23/14 | **Reguleringsplan for Julsundet sentrum –1. gongs offentlege høyring**<br><br>Saksprotokoll for eldrerådet 7.8.14<br><br>**Behandling**<br>**Forslag frå eldrerådet:** Eldrerådet meiner at omsorgsbase/omsorgssenter ikkje bør leggjast inn på skoleområdet, men utanfor denne reguleringsplana. Eldrerådet tolkar reguleringsplana slik at det kjem ein eigen reguleringsplan for omsorgssenter.<br><br>**Vedtak**<br>Eldrerådet meiner at omsorgsbase/omsorgssenter ikkje bør leggjast inn på skoleområdet, men utanfor denne reguleringsplana. Eldrerådet tolkar reguleringsplana slik at det kjem ein eigen reguleringsplan for omsorgssenter. |

Rett uttale 8.8.14

Siv Kristine Pedersen
sekretær eldrerådet

Møre og Romsdal fylkeskommune

Aukra kommune

6480 AUKRA

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2014/15 | 20.06.2014 | 47181/2014/REGULERINGSPLAN/1547 | Anders Røynstrand, tlf. 71 25 82 90 | 11.08.2014 |

# Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Julsundet sentrum - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

## Planfagleg vurdering

Planforslaget legg til rette for utviding av Julsundet skule, samt utbetring av vegsystemet i området, inkludert bussavstiging og vegar for gåande/syklande til og forbi skulen. Etter det vi kan sjå gir føresegnene generelt gode rammer for utbygging av ny bygningsmasse, samt tilrettelegging av uteopphaldsareal. For uteopphaldsareal gir formuleringa om å «ikkje gjere store terrenginngrep eller fjerne mykje vegetasjon» nokså stort tolkingsrom, og ein bør vurdere om føresegna kan konkretiserast.

Når det gjeld planfri kryssing av køyrevegen V7 er plangrunnlaget mangelfullt då dette berre er nemnt som ein opsjon i føresegnene til uteopphaldsareal. Kommunen vil ikkje ha juridisk grunnlag for eit slikt tiltak med mindre dette også er inkludert i føresegner til køyreveg (§ 5.2) og område for undervisning (§ 4.4), som begge blir råka av dette. Helst bør ei mogleg kryssing regulerast i plankartet, med føresegner som stiller krav til utforming og evt. materialbruk.

V7 har også vore ei problemstilling i planarbeidet, som eksisterande og mogleg framtidig tilkomstveg til bustadtomtene aust for skulen. Alternative tilkomstløysingar er vurdert for å unngå biltrafikk mellom skuleområdet og uteopphaldsområdet o_U2 (noko som også vil gjere ei planfri kryssing overflødig). Alternativ 1 med ny veg over L1 er oppgitt som forkasta «av omsyn til grunneigarane». Alternativ 2 er oppgitt som forkasta «av omsyn til kostnader». Dette framstår som ei mangelfull vurdering av verknader av ulike alternativ for vegtilkomst. Planomtalen gir dessutan uttrykk for at «tilkomst til planlagt bustadutbygging på Matberget er ikkje løyst i denne planprosessen». Det er ikkje opplyst om omfang av og status for planlegging av nye bustader.

Planarbeidet burde ha gitt ei tydelegare avklaring av forholda knytt til bustadutvikling med tilkomstveg. Planforslaget regulerer likevel ikkje nye utbyggingsareal sør for skuleområdet, og gir såleis ikkje hindringar for seinare (om)regulering av alternativ tilkomstveg.

## Automatisk freda kulturminne

Reguleringsplanen slik den no er utforma inneber i liten grad utbygging i områder med potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Vi ser derfor heller ikkje for oss at det er behov for noko arkeologisk registrering.

**Kulturminne frå nyare tid**

Det gamle skulebygget som ligg i sørvestre hjørne av planområdet har lokal verneverdi og bør inngå i kommunen sin eigen kulturminneplan som er under utarbeiding. Huset er regulert til «Offentleg eller privat tenesteyting». Dette er ei grei nok regulering, men vi ber også om at Aukra kommune regulerer ei omsynssone C for bevaring av kulturmiljø (SOSI-kode H570) for bevaring av bygget og utformar reguleringsføresegner som legg til grunn at bygningen skal takast vare på. Føresegnene bør eksempelvis få ein ordlyd som: «*eksisterande bygning skal haldast ved like utan vesentleg endring i materialbruk eller storleik. Taktekking, fasadar, vindauge og dører, samt materialbruk skal oppretthaldast eller tilbakeførast.*»

**Barn og unge**

Vi rådde ved oppstart til medverknad frå barn og unge. Ut frå planomtalen ser det ut til at medverknadsopplegget berre har omfatta møte med grunneigarar. Vi ser det som uheldig dersom ikkje (skule)borna eller deira føresette (FAU eller andre utval) har fått særskilt høve til å uttale seg, ikkje minst om tilkomst til bustader som nemnt ovanfor. Dette med tilvising til krava om aktive medverknad for barn og unge, jf. plan- og bygningslova § 5-1. Vi legg til grunn at utval med representasjon for føresette i det minste har fått sjølve planforslaget til uttale.

**Konklusjon**

Vi ber om at Fanghol gamle skule blir sikra med ei omsynssone med føresegner som legg til grunn at bygningen skal takast vare på.

Vi viser elles til merknader til køyreveg *V7*, og behov for tillegg i føresegnene for å gi grunnlag for planfri kryssing av denne. Planforslaget burde også gi ei tydelegare avklaring av verknader knytt til *V7* og alternative tilkomstvegar til eksisterande og framtidige bustader.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Røynstrand
rådgivar

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

<u>Fagsaksbehandlar</u>

Kulturminne: fylkeskonservator Bjørn Ringstad, tlf. 71 25 88 41

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Statens vegvesen, Region midt

AUKRA KOMMUNE
SV.NO
Dato 120814
Arkivnr. L12
Sak. nr. 14/15-24

**Til Aukra kommune ved Plan, utbygging og teknikk**

# Uttale - *Reguleringsplan for Julsundet sentrum*, ref. 2014/15-19/L12

**Kryssing av veg**
Det føreslåtte nye utearealet for skolen inneber at elevane må gå/springe over trafikkert veg, slik det i dag er tilrettelagt. Her er det trafikk til tre bustader, varetransport, samt transport av avfall. Forslaget i reguleringsplanen om planfri kryssing bør vere ein føresetnad om nytt areal på andre sida av vegen skal verte uteområde for skolen.

**Ballbinge**
Utviding av skolen og innarbeiding av samfunnsfunksjonar i skolebygget inneber endring av utearealet for elevane ved Julsundet skole. Om eksisterande ballbinge vert berørt, kan det vere greitt å ha ein plan for erstatning av denne.

1. august 2014

Med venleg helsing

Marianne Bolghaug
*Barn og unges representant i plansaker*

Viser til brev av 20.06.2014.

For oss som har bolig på gnr 17 bnr 2 er bl. a. spørsmålet om gesimshøyde på bygg i område UV1 av interesse. Etter vår vurdering må reguleringsbestemmelsen (rb) om max gesimshøyde bare gjelde den del av UV1 der det er aktuelt med nybygg,  Det hadde forøvrig vært en fordel at plassering av fremtidig bygg hadde vært vist på planforslaget. For å unngå utsiktsreduksjon for tre boliger i område B1 er det ønskelig at ny bygningsmasse i område UV1 blir plassert med hovedakse i øst-vestlig retning, jfr. arkitekt Vatnes forslag av 22.08.2012.

Planbeskrivelsen tilsier at skilting som klargjør lovlig bruk av V5 skal vurderes senere. Det mest tjenlige vil etter vårt syn være at denne skiltingen blir satt opp senest når nytt skolebygg blir tatt i bruk.

For at område U2 skal utgjøre reell ressurs som uteoppholdsareal må dette få betydning både for avklaring nå av planfri kryssing av V5 og for spørsmålet om tilretteleggingsgrad for slik bruk. I denne forbindelse legges merke til rb § 8.1 om at uteoppholdsareal skal være ferdig opparbeidd før det blir gitt ferdigattest for nybygg..

Når det i rb § 8.5 er krevd at høye fjellskjæringer skal sikres med gjerde er det vel her tenkt på sikring på toppen av skjæringen, Det er også viktig at selve fjellskjæringen blir utformet/sikret på en slik måte at det ikke skjer masseutfall fra skjæringen. En slik løsning som nå er gjennomført på gangvegen opp til V5, med avvisere midt på gangvegen, er lite tjenlig.

Det legges til grunn at trafikksikringstiltak som omtalt rb § 8.3 også gjelder kryss til fylkesveg og undergangsutbedring, jfr avsnitt om avbøtende tiltak i planbeskrivelsen.

Hvilke tiltak som er lovlig i område U1 må avgrenses i meget stor grad i forhold til det rb § 4.5,b legger opp til. Allerede nå er en vesentlig del av område U1 "brukt opp" med den store konstruksjonen som står der. Etter vår vurdering vil det være tilfredsstillende med en lignende bestemmelse for område U1 som for område U2.

Med hilsen

Eldbjørg og Sverre Dyrhaug

Julsundet 11.08.2014

Aukra kommune

Forslag til reguleringsplan for Julsundet sentrum.

Det vises til brev av 20.06.2014.

For oss som har bolig på eiendommen gnr 17 bnr 2 er bl. a. fastlegging av gesimshøyde på fremtidige bygg i område UV1 av interesse. Etter vår vurdering må reguleringsbestemmelsen (rb) om max gesimshøyde bare gjelde for den del av UV1 der det er aktuelt med nybygg, altså for området vest for eksisterende skole. Det ville for øvrig ha vært en fordel at plassering av nytt bygg hadde vært vist på plankartet. For å unngå noen særlig utsikts-reduksjon for tre boliger i område BF1 er det tjenlig at ny bygningsmasse i område UV1 blir plassert med hovedakse i øst-vestlig retning, jfr. arkitekt Vatnes forslag av 22.08.2012. Det er ellers ønskelig at mest mulig av eksisterende grøntareal i sørvestlig del av område UV1 blir opprettholdt.

For at område U2 skal utgjøre en reell ressurs som et tilfredsstillende uteoppholdsareal må dette få betydning slik at planfri kryssing av V5 blir avklart nå og slik at det skjer en tilstrekkelig tilrettelegging for planlagt arealbruk. Når det gjelder spørsmålet om tilrette-legging vises til rb §8.1 som tilsier at uteoppholdsareal skal være ferdig opparbeidd før det blir gitt ferdigattest for nytt bygg.

Planbeskrivelsen tilsier at skilting som klargjør lovlig bruk av V5 skal vurderes senere. Etter vårt syn bør denne skiltingen senest settes opp når nytt skolebygg blir tatt i bruk.

Slik som § 4.5,b nå lyder gir den alt for vid adgang til oppføring/anlegg av ulike tiltak i område U1. Med den svært store leikekonstruksjonen som er oppført i sistnevnte område, visstnok uten nabovarsel, er en vesentlig del av området allerede tatt i bruk. En lignende bestemmelse som er foreslått for område U2 må kunne gis også for område U1.

Når det i rb § 8.5 er det gitt bestemmelse om at høge fjellskjæringer skal sikres med gjerde må det antas at dette som utgangspunkt gjelder sikring på toppen av skjæringen. Det er også viktig at selve skjæringen blir utformet/sikret på en slik måte at det ikke skjer masse-utfall fra skjæringen. En slik løsning som nå er satt opp på gangvegen opp til V5, med avvisere midt i gangvegen, er lite tjenlig.

I rb § 8.3 er det stilt krav om at trafikksikringstiltak skal være på plass før utvidelsen av skolen blir tatt i bruk. Det legges til grunn at dette bl. a. omfatter kryss til fylkesveg og undergangsutbedring.

Med hilsen

Eldbjørg og Sverre Dyrhaug.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Kristin Eide, 71 25 81 35

Vår dato
08.08.2014
Dykkar dato
20.06.2014

Vår ref.
2014/296/krei/421.4
Dykkar ref.

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

AUKRA KOMMUNE
SNVO
Dato 120814
Arkivnr. L12
Sak. nr. 14/15-25

**Aukra kommune**
**Reguleringplan Julsundet sentrum**
**Fråsegn til offentleg ettersyn - motsegn**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

## Generelt

Reguleringsplan for Julsundet sentrum skal erstatte fleire reguleringsplaner som ligg til området, noko som vil gjere plansituasjonen meir oversiktleg både for kommunen og andre aktørar. Føremålet med reguleringa er i følgje kommunen å sikre utviding av Julsundet skule med uteområde, samt leggje til rette for ny vegløysing. Samstundes er det eit mål å sikre landbruksverdiar og samle tidlegare reguleringsplaner i ei plan.

## Natur- og miljøverninteresser

Den vestlegaste delen av skuleområdet (UV1) grensar til hovudvegen, og ligg innanfor gul støysone (T-1442). Endeleg plassering av skulebygget innanfor UV1 er ikkje endeleg avgjort, men det er opplyst at resterande areal skal nyttast til uteområde. Uteopphaldsareal U2 grenar også til hovudvegen.

I vår fråsegn til oppstart ba vi om at planarbeidet måtte avklare støytilhøva i området, jf. retningslinje T-1442. I plankartet er det no lagt inn støysone berre i den norvestlege delen langs vegen, med grunnlag i støyfagleg utgreiing gjort ved tidlegare regulering av Bergtippen barnehage. Det blir naudsynt å også vurdere støytilhøva nærare langs resten av fylkesveg 662 som grensar til skuleområdet, slik at ein kan vurdere om naudsynte støykrav er innfridd, eller om området treng skjerming. Rettleiar T-1442 må ligge til grunn for vurderinga. Fylkesmannen har motsegn til planen på dette punktet.

## Konklusjon

Vi viser til merknadene ovanfor. Støytilhøva i planområdet må utgreiast også for den austlege delen av skuleområdet langs fylkesvegen.

Postadresse: Fylkeshuset 6404 Molde | Telefon: 71 25 84 43 | Telefax: 71 25 85 10 | E-post: postmottak@fmmr.no | Web: www.fylkesmannen.no

Fylkesmannen har motsegn til planen inntil det er dokumentert at dette området tilfredstillar støykrava i T-1442.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fung. samordnar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje signatur.*

**Kopi:**
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/innvalgsnr: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Vidar Neraas - 71274773 | 2014/004309-006 | | 14.08.2014 |

# Uttale I reguleringsplan for Julsundet sentrum, samla plan

Statens vegvesen viser til kunngjøring om offentlig ettersyn for reguleringsplanen for *Julsundet sentrum, samla plan.*

Statens vegvesens ansvar i planarbeidet er først og fremst knyttet til arealbruken langs fylkesveg 662. Vi har også ansvar for å sørge for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal – og transportplanleggingen, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Vi uttaler oss som forvalter av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport.

Statens vegvesen har følgende merknader til reguleringsplanen:

- Arealbruk vedrørende fremtidig arealbehov for nytt kryss med fylkesveg 662 og tilførselsveg mot ny undergang
- Frisiktsoner
- Støy
- Byggegrense

## Saksopplysninger

Planforslagets formål er å utvide Julsundet skole, bedre trafikksikkerheten for skoleelevene og andre som ferdes i området og samle alle reguleringsplanene i området til en helhetlig plan.

## Arealpolitiske føringer for planarbeidet

Det er flere dokumenter som gir føringer for dette planarbeidet med tanke på areal- og transportplanlegging. Vår vurdering og uttale bygger på blant annet disse:

- Nasjonal transportplan
- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg
- Nasjonal gåstrategi
- Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

- Fylkesplan for Møre og Romsdal fylkeskommune
- Fylkeskommunens strategier; for syklende og gående, kollektiv, trafikktrygging.
- Statens vegvesens normaler, retningslinjer og veiledninger
- Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)

**Vår vurdering av planforslaget**

Arealbruk
Statens vegvesen har ingen særlige merknader til arealbruken denne reguleringsplanen legger opp til, da den er i store trekk er i tråd med overordnet plan og formålet er å samle mange reguleringsplaner til en helhetlig plan.

Trafikksikkerhet
Planforslaget legger opp til gang- og sykkelvegløsninger med rekkefølgebestemmelser om utbygging før ferdigattester kan gis, slik at de ulike trafikantgruppene er fysisk separert. Det er videre lagt opp til minimalt med krysningspunkter både langs gang- og sykkelvegene og inne på parkeringsplassen P1. Våre merknader vedrørende hensynet til myke trafikanter er derav ivaretatt.

Ny undergang med tilførselsveg og kryss med fylkesveg 662
Planforslaget omfatter ikke krysset med fylkesveg 662 eller planlagt undergang med tilførselsveger. I vår uttale til oppstartsvarslet ba vi om at planforslaget måtte legge til rette for tilstrekkelig med areal for å kunne regulere krysset mellom fylkesveg 662 og V2, samt tilførselsveg mot ny undergang med tilfredsstillende kurvatur og stigningsforhold iht. håndbok N100.

V2 er regulert etter dagens situasjon, men i tillegg er det regulert inn gang- og sykkelveg på østsiden som, iht. rekkefølgebestemmelse § 8.1, skal opparbeides før ferdigattester innenfor utbyggingsområdene kan gis. V2 og regulert gang- og sykkelveg er regulert tett inn mot gamle Fanghol skole, noe som gjør at det kan oppstå arealknapphet til fremtidige tilførselsveger til ny undergang. Opparbeiding av gang- og sykkelvegen kan medføre at man i etterkant blir mer låst, med tanke på eventuelle justeringer av veglinjen til V2, og kan slik gjøre det vanskelig å oppnå tilfredsstillende kurvatur og stigningsforhold inn mot nytt kryss og i tilførselsvegen mot ny undergang.

Det er vanskelig å vurdere om dette planforslaget ivaretar overnevnte forhold, da undergang med tilførselsveger eller nytt kryss ikke er regulert på dette tidspunktet. Det fremgår av plandokumenteten at dette er vurdert, men er ikke vist i denne planen. Statens vegvesen har tidligere i planfasen hatt et møte med Arkitektkontoret BBW, med tanke på arealbehovet for kryss med fylkesveg 662 og tilførselsveger til ny undergang. Ut fra det kartmaterialet vi har sett er det vanskelig å gi en konkret tilbakemelding på det, men imøteser gjerne en dialog i den fremtidige planprosessen.

Med grunnlag i overnevnte ber vi Aukra kommune vurdere om det vil være hensiktsmessig å bygge ut hele gang- og sykkelvegen iht. planen, før regulering av undergangen med tilførselsveg og nytt kryss med fylkesveg 662 er utarbeidet. Det kan her være aktuelt å etablere en midlertidig gang- og sykkelvegløsning til overnevnte regulering er på plass. Det

må presiseres at vi her taler om en mindre strekning ved gamle Fanghol skole, og at de øvrige gang- og sykkelvegene må opparbeides i tråd med planen.

Støy
Planforslaget viser ikke en tilstrekkelig utredning av støyforholdene. Planområdet må utredes iht. Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442), og eventuelle tiltak må innarbeides i planen.

Frisiktsoner
Det mangler frisiktsoner i samtlige kryss og til gang- og sykkelvegene i plankartet. Reguleringsbestemmelsene knytt til hensynssonene er kun gjeldende inne for sitt formålsområde. For at § 7.1 i bestemmelsene skal få juridisk virkning må frisiktsonene inntegnes i plankartet.

Byggegrenser
For å unngå bebyggelse nær kryssområder anbefaler vi at byggegrensene følger veglovens bestemmelse om byggegrense mot kryss, jf. vegloven § 29. Dette gjelder byggegrense mot kryss V6/V7 og V2/V3.

**Konklusjon**
Statens vegvesen har ingen særlige merknader til reguleringsplanen, men ber om at våre merknader innarbeides i planen før egengodkjenning.

Plan- og trafikkseksjonen
Med hilsen

for Jan Gunnar Sandblid
Gitte Beiermann
Konstituert seksjonssjef

Vidar Neraas
Vidar Neraas

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, HER
Møre og Romsdal fylkeskommune, HER

**Aukra kommune**
**Serviceavdelinga**

# Notat

| Vår ref: | Dykkar ref: | Saksbehandlar | Dato |
| --- | --- | --- | --- |
| 2013/281-33/033 | | Martina Susanne Böttcher | 15.09.2014 |

Til:
Bjørge Stavik

## Uttale frå Rådet for likestilling av funksjonshemma - Reguleringsplan for Julsundet sentrum

Rådet for likestilling av funksjonshemma ønskjer å presisere at plana vert tilrettelagt i samsvar med Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova (LIV 2008-06 20 nr.42) og Plan- og bygningslova kap.1, §1.1 siste ledd: Prinsipp om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og krava til aktuelle byggetiltak.

Rådet for likestilling av funksjonshemma meiner at alle uteområde, bygningar, vegar, inngangar for publikum vert tilrettelagt på ein måte som eliminerer bort spesialinnretningar der t.d. dei funksjonshemma må gå ein annan veg. I staden for ramper kan ein heve terrenget, m.m..

Rådet vil også peike på at det vert tatt hensyn til dei mjuke trafikantane med eit tydeleg skilje mellom køyrande og gåande. Ein går utifrå at det vert tilrettelagt for antal HC-plassar etter norm for total mengde parkeringsplassar.

Vi går ut ifrå at Rådet for likestilling av funksjonshemma blir ein viktig samarbeidspart i det vidare arbeidet med plana.

Aud Mork, leiar
Rådet for likestilling av funksjonshemma

Rett utskrift 15.9.2014

Martina Susanne Böttcher
Politisk sekretær